



# Årdal Energi KF

## Anleggsbidrag

Utarbeida av: Frank Robert Simon  
Nettsjef Årdal Energi

**Postadresse**

Årdal Energi KF  
Postboks 233  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Utladalsvegen 1, Øvre Årdal

**Epostadresse**

post@ardal-energi.no

**Telefon**

57 64 86 00

**Telefaks**

57 64 86 20

**Bankgiro**

3730 07 00226

**Org. Nr.**

NO 971 031 425 MVA

**Retningslinjer for anleggsbidrag**

---

|  |   |
|--|---|
| 1. Regelverk   | 3 |
| 2. Forskrifta sin ordlyd                                     | 3 |
| 3. Kontrollmynde ved klage                                   | 3 |
| 4. Informasjon til kunde                                     | 3 |
| 5. Praktisering av anleggsbidrag                             | 3 |
| 6. Anleggsbidraget sitt innhald                              | 4 |
| 6.1. Anleggsbidrag vert nytta når                            | 4 |
| 6.2. Eksempel på kostnader                                   | 4 |
| 6.2.1. Kostnader som inngår i anleggsbidraget                | 4 |
| 6.2.2. Kostnader som ikkje inngår i anleggsbidraget.         | 4 |
| 6.2.3. Frådragsberettiga kostnader.                          | 4 |
| 6.3. Kontrakt vedrørende anleggsbidrag                       | 5 |
| 7. Differensiering av kostnader på fellesanlegg              | 5 |
| 8. Fordeling av kostnader ved tilknytning på ulik tidspunkt. | 5 |
| 9. Val av entreprenørar                                      | 5 |
| 10. Eigarskap drift og vedlikehald                           | 6 |

**Retningslinjer for anleggsbidrag**

---

**1. Regelverk**

Anleggsbidrag og kostnadssetting av tilknytning til Årdal Energi sitt anlegg vert gjennomført til einkvar tid av Årdal Energi sjølv. Anleggsbidraget er i henhold til standard leveringsvilkår og retningslinjer i overensstemmelse med Noregs Vassdrag og energidirektoratet (NVE) sine ”Forskrifter for økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomhet og tariffar” (§17-5 Anleggsbidrag)

**2. Forskrifta sin ordlyd**

I forskriftene heiter det blant anna:

*Nettselskapa kan fastsette anleggsbidrag for å dekke anleggskostnadene ved nye nettilknytninger eller ved forsterkning av nettet til eksisterende kunder. Anleggsbidraget skal bereknas ut fra kostnadene som følger av kundens tilknytning til nettet. Anleggskostnadene settes lik nødvendig kostnader ved tilknytning eller forsterkning, inklusive timeverk for personell, maskiner og utstyr. Nettselskapet kan fordele anleggsbidraget mellom kunder som tilknyttas nettet på ulike tidspunkt.*

**3. Kontrollmynde ved klage**

Ved usemje mellom Netteigar (ÅE) og kunde i saker vedrørende anleggsbidrag, vil NVE fungere som kontrollmynde og klageinstans. Kunden kan difor klage inn enkeltvedtak til NVE.

**4. Informasjon til kunde**

Informasjon til kunden vedrørende anleggsbidrag vil verta gjort som følgjande:

- I kundens søknad for melding om tilknytning.
- Via lokale el entreprenørar.
- Kunden/rekvirenten sin henvending til ÅE.

**5. Praktisering av anleggsbidrag**

Årdal Energi vil praktisera ordninga vedrørende anleggsbidrag på ein slik måte at den som utløyser eventuelle kostnader ved at endringar/forsterkingar i høgspenst eller lågspenst nettet er naudsynt, vert belasta økonomisk. Kostnader ved tilkopling til ÅE sitt distribusjonsnett vert belasta med 100% til den som rekvirerer dette.<sup>1</sup> ÅE har ikkje høve til å krevje meir ein 100% anleggsbidrag.

Eit unntak til dette er at dersom ei forsterking i nettet fører til at den forsterka/utskifta komponenten har ein restverdi så vil dette vere eit frådrag i anleggsbidraget. ÅE står sjølv fritt til å vurdere dette.

Kostnader vedrørende arbeide i distribusjonsnettet der ÅE rekvirerer arbeide vert ikkje belasta andre.

---

<sup>1</sup> Dette med unntak i punktet for ”Frådragsberetiga kostnader”



## 6. Anleggsbidraget sitt innhald

Kostnadane lagt til grunn i anleggsbidraget er dei totale anleggskostnadane utført til sjølvkost for ÅE. Der kunden/rekvirenten ikkje har frådragsberettiga kostnadar vil heile summen verta fakturert kunden eksklusive moms.

### 6.1. Anleggsbidrag vert nytta når

- Tilknytning av nye kundar.
- Forsterking av nettet når kunden krev auka kapasitet eller kvalitet.
- Når ei forsterking i kundens anlegg utløyse ei forsterking i det radielle fellesanlegget kan ein forholdsvis del av kostnadane inngå i anleggsbidraget.
- Ved investering i maska nett kan anleggsbidrag brukast i ekstraordinære høve.

### 6.2. Eksempel på kostnadar

#### 6.2.1. Kostnadar som inngår i anleggsbidraget

- Kabelgrøft
- Røyr/kabelbord
- Material
- Alle kostnadar vedrørende behov for auka transformator kapasitet
- Arbeidstimar
- Driftssetting
- Anna relevant anleggskostnad

#### 6.2.2. Kostnadar som ikkje inngår i anleggsbidraget.

- Målar og målarmontering
- Innmåling til kartsystem
- Dokumentasjon til kartsystem.

#### 6.2.3. Frådragsberettiga kostnadar.

Kundens forventa elektrisitetsforbruk vert ikkje å rekna som frådragsberettiga.

- Dersom netteigar nyttar brukt materiell i anleggsbidragskalkylen, så er det restverdien av komponenten som skal nyttast i bidragskalkylen. Kapasitetsauke utover det kunden har trong for vert ikkje belasta kunden<sup>2</sup>. Eventuell tilknytingsgebyr skal vera frådragsberettiga.<sup>3</sup>

---

<sup>2</sup> Årdal Energi har standardiserte dimensjonar på enkeltkomponentar i sitt distribusjonsanlegg. Kunden lyt ta dei kostnadane tilnytinga/forsterkinga medfører opp til næraste standard dimensjon. Dersom Årdal Energi ynskjer dimensjoneringsauke på enkeltkomponentar lyt ÅE ta desse kostnadane sjølv. Eksempelvis linjer, kablar, kopling og nedtransformerings anlegg. Etablering av distribusjonsanlegg og dei økonomiske konsekvensar dette medfører skal belastast kunden sjølv om ÅE betalar for kapasitetsauke på same anlegg.

<sup>3</sup> Årdal Energi har pr d. d ikkje innført tilknytingsgebyr i sitt nett.



### 6.3. Kontrakt vedrørende anleggsbidrag

Der netteigar nyttar retten til å krevje anleggsbidrag, skal det etablerst ein kontrakt mellom rekvirenten og netteigar. Denne kontrakt skal underteiknast før arbeidet vert starta. I enkelt tilfelle er det likevel ikkje naudsynt å etablere ein slik kontrakt. Fråvik om kontraktunderteikning mellom netteigar og rekvirent kan ein fråvike når:

- Kostnaden er kundespesifikk.<sup>4</sup>

Netteigar vil i kvart tilfelle vurdere om kontrakt er naudsynt sjølv om kostnaden er kundespesifikk. I tilfeller der kontrakt vert vurdert, skal kontraktsum løysast inn før arbeide startar. Der kontrakt ikkje vert vurdert frå netteigar, vil netteigar praktisera fakturering av arbeide etterskotsvis. Rekvirent skal kunne krevje netteigar om ein optimal kalkyle av arbeide før bestemelsen om arbeide vert sett i verkt.

### 7. Differensiering av kostnader på fellesanlegg

Kostnadsfordelinga for fellesanlegg der det er fleire enn ein part i kostnadsoverslaget skal regulert med ein nøkkelfordeling der effektutaket er difrensieringsparameteren. Dette fordi effektutaket (sikkringsstorleiken) er dimensjonerande for anlegget og dermed anleggskostnadane.

### 8. Fordeling av kostnader ved tilknytning på ulik tidspunkt.

I eit anlegg der ein tidlegare tilknytning har utløyst eit anleggsbidrag, skal det ved seinare tilknytning refunderast eit økonomisk bidrag til den/dei som tidlegare har bidrege med anleggsbidraget. Dette vert gjort ved at den/dei som ved eit seinare tidspunkt nyttar seg av fellesanlegget, skal vere ein part i finansieringa av felleskostnaden. Differensieringa vert gjort som nemnt tidlegare<sup>5</sup>.

Regelverket gjer likevel ikkje rom for at den som utløyse eit anleggsbidrag ved forsterkning skal kunna få refusjon ved at ein eksisterande kunde på same distribusjonsnett/krets, aukar sitt effektbehov på den kapasiteten den opphavlege rekvirenten yter bidrag for.

Denne type refundering gjeld kun i 10 år etter utbygging/forsterkning. Ein kontrakt om eventuell framtidig etterberekning mellom førstegangs utbyggar og ÅE skal etablerast. Netteigar er ikkje ansvarleg for administrering av den økonomiske refusjonen dersom ein av partane flytter og ikkje let seg finne.

### 9. Val av entreprenørar

Sjølv om rekvirenten/kunden vert lasta med anleggsbidrag, er det ikkje fritt for kunden/rekvirenten å nytte seg av eigen entreprenørar for utføring av arbeide eller tiltak i dei einskilde situasjonane. Då ÅE har konsesjon for distribusjon av elektrisk energi i Ardal Kommune, skal ÅE nytte sine egne resursar. Avvik frå dette kan i unnatak gjevast etter avtale

---

<sup>4</sup> Kostnaden kan innehalde både høgspenst og lågspenstutrustning men er av ein slik art at framtidig tilknytning ikkje vil kunne verta gjort av andre enn rekvirenten.

<sup>5</sup> Differensiering i henhold til kundens effektutak.

---

|                    |                             |                 |                    |
|--------------------|-----------------------------|-----------------|--------------------|
| <b>Postadresse</b> | <b>Besøksadresse</b>        | <b>Telefon</b>  | <b>Bankgiro</b>    |
| Årdal Energi KF    | Utladalsvegen 1, Øvre Årdal | 57 64 86 00     | 3730 07 00226      |
| Postboks 233       | <b>Epostadresse</b>         | <b>Telefaks</b> | <b>Org. Nr.</b>    |
| 6882 Øvre Årdal    | post@ardal-energi.no        | 57 64 86 20     | NO 971 031 425 MVA |

**Retningslinjer for anleggsbidrag**

---

med ÅE. Eksempelvis etablering av grøft på eiga tomt. Dette skal avtalast med ÅE der kunden/rekvirenten vert informert om kva retningslinjer som skal følgjast.

**10. Eigarskap drift og vedlikehald**

Alle anleggsdelar fram til grensesnittet mellom installasjonseigar (kunden) og ÅE sitt nett (leveringspunkt) er ÅE sin eigedom og underlagt ÅE sitt drift og vedlikehaldsansvar sjølv om anlegget er heilt eller delvis finansiert gjennom anleggsbidrag betalt av utbygger/installasjonseigar. Dette inneber også at ÅE vil koste all framtidig vedlikehald og reinvesteringstekstnadar for anlegget.